

Kor gamle er dei norske dialektane?

Ivar Berg

NTNU (Trondheim)

Dette er ein postprint-versjon av ein artikkel i *Ideologi, identitet, intervention. Nordisk dialektologi 10*, red. av Jan-Ola Östman, Caroline Sandström, Pamela Gustavsson og Lisa Södergård, s. 123–132. Nordica Helsingensia 48. Helsingfors: Helsingfors universitet, Finska, finskugriska och nordiska institutionen, 2017.

Abstrakt

Dieser Artikel diskutiert das jeweilige Alter einiger wichtigen Isoglossen der norwegischen Dialekte und die Veränderungen ihrer Verläufe im Laufe der Zeit. Zudem werden prinzipielle Fragen der historischen Dialektologie und das Verhältnis zwischen sprachgeschichtlicher Rekonstruktion und schriftlichen Quellen betrachtet. Die Studien Marius Hægstads über altnorwegische Dialekte (vor 1350) sind aufgrund methodologischer Schwächen problematisch und sein Bild der geographischen Variation kann einer kritischen Betrachtung nicht standhalten. Doch können einige wichtige Isoglossen in spätmittelalterlichen Texten deutlich identifiziert werden, z. B. das Gleichgewichtsgesetz, das die Grenze zwischen West- und Ostnorwegisch markiert. Die Hauptgebiete der norwegischen Dialekte sind also während des Spätmittelalters, schon um 1400, etabliert worden.

1 Inngang

Føremålet med denne artikkelen er å undersøkje oppfatningar av dialektskilnader i gammalnorsk (norsk språk fram til 1350) og sjå når dei viktigaste målføregrensene som skil norske dialektar, voks fram. Etter nokre merknader til metodar i historisk dialektologi meir ålment og det norske kjeldegrunlaget særskilt, drøftar eg ein del viktige språkendingar i seinmellomalderen og tidfestinga av dei. Eit gjennomgåande tema er korleis skriftlege kjelder uttrykkjer talemålet og talemålsendingar.

Det er vanleg i både norsk og svensk fagtradisjon å rekna med at oppsplittinga av mellomalderspråket i ulike dialektar var ein prosess som hovudsakleg gjekk føre seg i seinmellomalderen, i vår språklege samanheng romsleg definert til 1350–1550. Allereie innleiingsvis bør det understrekast at oppfatninga om ein einskapleg høg-mellomalder-«standard» for ein stor del er ein filologisk konstruksjon, som Wollin (2000) har kalla «Guldåldersdrømmen». Historisk språkvitskap, særleg slik han vart praktisert på 1800-talet, søkte attende til det eldste språket. Dette fekk konsekvensar både for kva tekstar som danna grunlaget for språkskildringa, og for korleis

framstillinga vart: Målet var å abstrahera bort variasjonen for å nå fram til det «opphavlege» språket (sjå vidare Berg 2014). Det er såleis ein god del variasjon i mellomalderspråket, men dette har ikkje vore rekna som viktig i standardframstillingane av «norrønt».

Som ei motførestilling mot tanken om ei dialektkløyving i seinmellomalderen, har Teleman (2007) føreslege at mange av skilja mellom tradisjonelle dialektar i Sverige ikkje oppstod før i tidleg nytid, slik at den maksimale skilnaden mellom dialektane var ikring 1800. På den andre sida meiner han at bymåla har vore prega av konvergerande tendensar heilt frå 1400-talet. Denne motsetjinga mellom dei motstridande tendensane konvergens og divergens skal me ha i bakhovudet i den fylgjande drøftinga, men det er likevel ikkje sikkert at språket har utvikla gradvis større skilnader fram til eit vendepunkt, før det atter vart meir og meir likt.

2 Historisk dialektologi

Ein kan skilja mellom to tilnæringsmåtar i studiet av historiske dialektgrenser, etter om ein arbeider framover frå mellomalderspråket eller attover frå dialektane. For det fyrste kan ein ta utgangspunkt i det eldste dokumenterte språket, studera variasjonen i skriftlege kjelder som kan heimfestast, og sjå etter divergerande tendensar i dette materialet. Alternativt kan ein arbeida seg attover frå nyare dialektar med ljodhistoriske slutningar om den relative kronologien for ymse endringar. Særleg når ein tek utgangspunkt i moderne dialektar, er det ei utfordring at isoglossane kan ha gått annleis tidlegare. Desse to tilnæringsmåtene er prinsipielt ulike, men kan utfylla kvarandre, som eg vonar å visa i det fylgjande. Skriftlege former må kontrollerast mot ljodhistoriske resonnement, og samstundes kan ein relativ kronologi berre føra fram til absolutt tidfesting dersom ein kan finna skriftlege døme.

Kjeldene i historisk dialektologi er i hovudsak av tre slag: eldre tekstar, indre rekonstruksjon og stadnamn. I norsk samanheng er det eit problem at norsk forsvann som skriftspråk på 1500-talet og vart erstatta av dansk. Frå midten av 1600-talet og framover har me ordsamlingar og noko høvedsdikting på dialekt. Føremonen med slike tekstar er at dei står utanfor skrivetradisjonen og freistar å gje att talemålet, men samstundes vart dei til i motsetjing til det rådande danske (skrift)språket, og det førde somtid til hypernorske former. Til dømes var endingsvokalen *-a* eit salient norsk trekk som ein kan finna i tekstar på målføre som eigentleg har hatt reduksjon /a/ > /e/ i trykklett stilling. Både for tekstar frå mellomalderen og frå

tidleg nytid kan det vera problematisk å heimfesta så vel skrivar som tekst.

Rekonstruksjonsmetodar frå historisk-komparativ språkvitskap kan brukast på dialektar, for eldre endringar kan ha sett far etter seg. Eit døme på dette er former som /mæn/ ‘mann’ og /æle/ ‘alle’ på Austlandet (ikring sørenden av Mjøsa), som har samanheng med ei eldre palatalisering av *nn* og *ll* og viser at palatar tidlegare fanst lenger sør på Austlandet enn i dag. Gjennom det som i norsk dialektologi er kalla palatal segmentering, er palataliteten overført til vokalen, slik at det utvikla seg ein diftong og vokalkvaliteten vart endra; til slutt vart konsonanten alveolar. Utviklinga har vore om lag slik: /maj̯/ > /mɛ̯j̯/ > /mæ̯n/ > /mæn/. Mellomstega er kjende frå ulike norske dialektar.

Til sist vil eg trekkja fram stadnamn som ei sjølvstendig kjelde. For det fyrste er dei eintydig knytte til ein lokalitet utan problema med heimfesting som råkar skriftlege kjelder (jamvel om oppkallingsnamn finst). Dinest kan stadnamna missa tilknyttinga til appellativa dei spring ut frå, og unngå seinare språkendingar. I min eigen dialekt (Meldal i Sør-Trøndelag) heiter til dømes hudfolden på hønsfuglar av hankjønn i dag *hanekammen* (bunden form), men me har stadnamnet *hånnåkamben* med ei eldre jamningsform og uassimilert /mb/ (gno. akk. *hanakambinn*). Me skal etter kvart sjå fleire døme på alle desse kjeldetypane.

3 Gammalnorske dialektar

Den store granskaren av gammalnorske dialektar var Marius Hægstad, særleg i verket *Vestnorske maalføre fyre 1350* (1906–42).¹ Med ein kombinasjon av moderne dialektgrenser og skriftleg variasjon i dei gammalnorske kjeldene kom Hægstad fram til ei inndeling av dialektane i austnorsk, med undergruppene trøndsk og austlandsk, og vestnorsk, med undergruppene nordvestlandsk og sørvestlandsk. I tillegg vart nokre område innanfor austlandsk rekna som overgangsområde til vestnorsk (jf. nedanfor om differensiasjon og segmentasjon).

Hægstad la stor vekt på sambandet med dei moderne dialektane, og såleis byrja han avhandlinga om nordvestlandsk (Hægstad 1907: 5–7) med å trykkja eit diplom (DN III 122, 1321) *in extenso*, for «Maalformi [...] er i det heile slik som maalføret i indre Nordfjord i vaare dagar synest fyresetja», og han skriv same stad at nordvestlandsk svarar til det som i moderne dialektologi er kalla «nordleg *e*-mål» (jf. kartet nedanfor). Jamvel om han studerer gammalnorske *tekstar*, definerer han dialektområda etter det moderne talemålet og tek med område der det ikkje finst

¹ Eg viser nedanfor til einskilde band i serien med årstal, sjå spesifiseringar i litteraturlista.

gammalnorske kjelder.

Ein kan seia at Hægstad prøvde å tilordna variasjon i dei gammalnorske tekstane til ei inndeling av norske dialektar som bygde på andre kriterium. Innanfor sørvestlandsk ville han dessutan skilja ut målet i Rogaland fylke for seg, men dette saknar truleg grunnlag i dei skriftlege kjeldene (Rindal 1984: 178). Derimot har Rindal (1981) vist at målet i det gamle Opplanda (det meste av dagens Hedmark, Oppland og Akershus fylke, pluss litt av Buskerud) kan skiljast frå søraustlandsk lenger sør på Austlandet. Nord-Noreg er aldri med i diskusjonen om gammalnorske dialektar. Det finst knapt skriftlege kjelder frå Namdalen og nordover frå mellomalderen, slik at ein berre kan slutta attover frå seinare dialektar.

To av hovudmålmerka hans Hægstad var endingsvokalane (*a, i, u; a, e, o*; eller eit system der *i/e* og *u/o* er vokalharmonisk fordelte) og eventuell markering av *u*-omljod før ståande */u/* (former som dat.pl. *mannum/mōnnum*). Sørvestlandsk hadde etter Hægstad ikkje vokalharmoni, men systemet er påvist i diplom frå dette området (t.d. Pettersen 1989), og dei fleste reknar vel i dag vokalharmoni som eit ålment norsk trekk. Endingsvokalar er dessutan noko som lett kunne vera del av ein skrive-tradisjon, uavhengig av dialektbakgrunn. Heller ikkje markeringa av *u*-omljoden er noko klårt målmerke, for mange austnorske målføre ser ut til å ha hatt denne omljoden, sjølv om skrivetradisjonen hadde former som *mannum* i mellomalderen (Larsen 1908). Det er ingen tvil om at det har vore eit aust–vest-skilje i gjennomføringa av *u*-omljoden i Skandinavia, og det er eit vanskeleg metodisk spørsmål korleis ein skal fastsetja denne grensa i gammalnorsk tid: Skal ein lita på at skrivetradisjonen har gjeve att talemålet, slik at omlydde former i dialektane er seinare novasjonar, eller skal ein omvendt byggja på dei seinare dialektane og gå ut frå at skrivetradisjonen i røynda har skjult talemålet?


Det er altså fleire opne spørsmål knytte til målmerka Hægstad bruka, samstundes som det er meir ålmenne problem med metoden hans (Rindal 1984). Det er såleis grunn til å gå gjennom kjeldematerialet på nytt, ikkje minst for å røkja etter kva slags variasjon som kan koma av skrivetradisjonar, og kva som eigentleg er talemålsvariasjon. Den diskusjonen er det ikkje råd å ta i full breidd her.

4 Dialektkløyvinga i seinmellomalderen

Hægstad kalla handsaminga av *u*-omljoden «den fyrste klaart paaviselege større kløyving millom aust og vest i norsk maal» (1917: 58). I moderne dialektskildringar utgjer derimot jamveksregelen hovudskiljet mellom aust og vest: I aust er endings-

vokalar reduserte etter lang rotstaving, men ikkje etter stutt, slik at ein får ordpar som inf. *sende/sova*, mask. *låve/hara* og fem. *vise/viku*. Denne reduksjonen kan fylgjast nokså greitt i kjeldene, sjølv om skrivetradisjonen i nokon mon har halde oppe fullvokalane lenger enn talemålet. Eit tidleg døme er DN I 90, utferda av bispen i Hamar, truleg i 1299. Der er gno. /a/ etter lang staving skriven <æ>, t.d. *bettæ*, *høyræ*, *gunnær* (karnamn). Døme på /a/ etter stutt staving finst berre i dekt stilling i denne teksten, t.d. *blakar arfe* (stadnamn), *gamall* (karnamn). Ei slik systematisk veksling kan ein skrivar knappast ha lært seg, så ho må ha hatt rot i talemålet. Ikring 1300 har altså dette systemet kome inn i austlandsk, medan det truleg er litt seinare i trøndsk (Indrebø 2001: 130). Då oppstod det aust–vest-skiljet som framleis gjeld for norske dialektar. Dei austnorske dialektane (og Romsdalen, men ikkje Vest-Telemark) utvikla dessutan tjukk *l* og andre retrofleksar omtrent på denne tida, men denne utviklinga er mykje vanskelegare å spora i skriftlege kjelder. Grunnlaget for å skilja mellom austlandsk og trøndsk var at vokalreduksjonen sette inn tidlegare i austlandsk (Hægstad 1909: 8). Men når denne reduksjonen kom inn i trøndsk, vart skilnaden mellom dei to områda uklår, og enno i dag er det eit ope spørsmål akkurat kvar ein skal trekkja grensa mellom trøndsk og austlandsk dersom ein berre legg reint språklege kriterium til grunn (jf. Sandøy 2006: 27–28).

Ikring 1400 fekk to åtskilde område av vestnorsk reduksjon av trykklett /a/ i utljod uavhengig av stavingskvantiteten, og vestnorsk vart delt i *a*-mål og *e*-mål. Det nordlege *e*-målet svarar til nordvestlandsk hjå Hægstad (jf. ovanfor). Denne reduksjonen kan ein òg sjå i kjeldene, men ut på 1400-talet vart det stendig vanlegare å skriva alle endingsvokalar <æ> eller <e> etter dansk mønster uavhengig av talemålsgrunnlag, etter som dansk skriveskikk fekk større påverknads-kraft i Noreg. Med denne vokalreduksjonen ikring år 1400 kan ein altså seia at hovudinndelinga av



Inndeling av norske dialektar

norske dialektar var etablert, som vist (litt omtrenteleg) på kartet.

Dialektar der jamveksregelen har verka, har òg hatt jamning: ein assimilasjon (partiell eller fullstendig) mellom rot- og endingsvokalen i tostava ord med stutt rotstaving. Jamninga har ikkje verka like sterkt alle stader, men intensitetsområda har fått former som *såvvå* < *sofa*, *hårrå* < *hara*, *vukku* < *vikū* osb. (utgangspunktet i substantiv er dei gammalnorske oblike formene). I gammalnorsk frå heile landet var det sporadiske tendensar til vokalassimilasjonar som òg kunne råka overveksord og såleis skilde seg frå jamninga i austnorske dialektar (jf. Hægstad 1916: 105–107). Larsen (1976 [1913]: 358–359) gjev ein del døme frå 1400-talet, men ikkje alle er like overtydande, og nokre er henta frå vestnorske tekstar. Ein del jamningsformer var svært avstikkande i høve til skrivetradisjonen, og så lenge den norske tradisjonen vart halden i hevd, framstår slike former som reine unntak. Men etter målskiftet til dansk ikring 1500 finn ein fullt utvikla jamningsformer som er lånte inn i skriftspråket frå talemålet. Eg har notert fleire døme frå ikring 1530, t.d. *tucku* < *tōku* ‘bygsel, jordleige’ (DN XI 580), *hugud* (pl.) < *hofuð* (DN X 670; ordet viser samstundes intervokalisk /f/ > /g/) og *Asgutu* (stadnamn) < *gōtu* ‘gate’ (NG XV: 68). Dette er altså absolutt *terminus ante quem* for jamninga som prinsipp, jamvel om det er tenkjeleg at vokalkvaliteten i dei utjamna formene (særleg dei på *å* – *ǫ*) har endra seg etterpå. Men uavhengig av dei moglege skriftdøma frå 1400-talet, må jamninga vera gammal, for ho utvikla seg medan den gammalnorske vokalharmonien var eit synkront verkande prinsipp. Linne feminina har nemleg utjamning på *o* – *o* eller *u* – *u* avhengig av vokalharmonien: *hosso* < *hoso* mot *vukku* < *vikū*. Jamninga må òg vera eldre enn kasussamanfallet, fordi dei moderne formene viser spor etter dei morfofonologiske vekslingane som oppstod i mellomalderen. I døma *hosso* og *vukku* er det dei oblike formene som lever vidare (nominativformene var kanskje **håså* < *hosa* og **våkå* < *vika*). Det er eitt unntak, nemleg *kånnå* < *kona* (oblik form truleg **kono* < *kono*); dette var eit ord som ofte ville stå i nominativ, anten som subjekt eller i tiltale (Torp i kjømda). Alt i alt må nok jamninga ha byrja å verka allereie på 1300-talet, slik Larsen (1976 [1913]: 359) meinte.

Gammalnorske einstavingsord som *dagr* og *dalr* hadde tostava former i fleirtal, og der må liknande vokalvekslingar ha oppstått. Dette vert prova av gardsnamn som *Dålån* (Melhus i Sør-Trøndelag, NG XIV: 280) av nom./akk.pl. *dala(r)* med tillagd artikkel og *Døløm* (Levanger i Nord-Trøndelag, NG XV: 76) av dat.pl. *dolum*. Seinare har paradigmet vorte analogisk utjamna etter eintalsstammen /da:ɽ/ (dialektane med jamning har òg tjukk *l*), og vanlege fleirtalsformer no er /da:ɽa/.

dat. /da:ʀum/, medan stadnamna står att som vitne om eldre jamningsformer. (Pl. *dåggå* er derimot vanleg framleis. Forklaringa er fulla at fleirtal har mykje høgere teiknfrekvens i *dag* enn i *dal*.) Dette viser at jamningsmåla hadde fleire og meir særprega former den gongen jamninga verka som ein synkron fonologisk prosess, enn dagens dialektar gjev inntrykk av.

To andre endringar er det som i norsk dialektologi er kalla differensiasjon og segmentasjon. Dei gammalnorske konsonantgruppene *rn*, *rl* har vorte differensierte til *dn*, *dl* i ord som /kodn/ < *korn* og /kadl/ < *karl*. Dei geminerte konsonantane *nn*, *ll* har skilt ut eit segment og vorte til *dn*, *dl* i ord som /steidn/ < *steinn* og /kadla/ < *kalla*. Det er sannsynleg at *rl* fyrst vart assimilert til *ll*, før segmentasjon råka *ll* uansett opphav. Det same kan ikkje gjelda *rn*, fordi segmentasjonen av *nn* avheng av dei fonologiske omgjevnadene (sjå nedanfor). Utreisla for fenomenene er om lag lik, og dekkjer omtrent det som er kalla sørvestlandsk på kartet (færøysk og islandsk har hatt tilsvarande endringar). Differensiasjonen *rn* > *dn* finst dessutan i dei tilgrensande områda Valdres og Hallingdal på Austlandet. Dialekttekstar frå 1740-åra tyder dessutan på at overgangen den gongen dekte Numedal (Indrebø 2001: 351). Indre delar av Aust-Agder og Telemark fylke har *dd* < *ll*; dette er truleg ei vidareutvikling, altså *ll* > *dl* > *dd*, t.d. *allir* > **adle* > /ade/. Grensa for overgangen har tidlegare gått lenger aust i Telemark, der nokre ord og særleg stadnamn står att med *dd* (Indrebø 2001: 350), og lenger sør på Agder (Røsstad 2011).

Korkje differensiasjon eller segmentasjon kjem fram særleg ofte i tekstane frå seinmellomalderen. Verkeleg pålitelege døme på differensiasjon har me ikkje før ut på 1400-talet (jf. Berg 2017): *Wdhlandhe* (dat.) < *Aurlandi* (DN I 766, 1438) og *Todne* < *Þórny* (DN VI 615, 1492). Segmentasjon er ikkje dokumentert i det heile i mellomnorske tekstar, men *dd* < *ll* finst i gardsnamna *Haddeland* < *Hallaland* (DN I 970, 1491) og *Myøddælandh* < **Mjallarland* (DN XII 261, 1493; no *Mjelland*, garden ligg aust for *dd*-området i dag). Segmentasjonen av *nn* skjer berre etter lang vokalisme i det meste av området (*steinn* > *steidn*, men *finna* > *finna*), så han må vera eldre enn kvantitetsomlegginga i denne typen ord (stytting av overleng staving). Det er difor truleg at desse utviklingane har vore eldre og meir utbreidde enn dei skriftlege kjeldene vitnar om (jf. t.d. Røsstad 2011). Akkurat som ved jamninga ser det dessutan ut til at det ein kan kalla særmerkte dialektformer, har hatt større utbreisle tidlegare enn det som går fram av moderne dialektar.

Ei siste dialektendring eg skal ta opp, ikkje minst fordi ho ofte er litt feil framstilt, er monoftongeringa av dei gammalnorske (og sams nordiske) fallande

diftongane /au, øy/ > /ø:/ og /ei/ > /e:/.² Denne endringa byrja allereie på 900-talet i dansk (i samanheng med eit nordtysk monoftongeringsområde) og spreidde seg litt seinare til svensk, der ho òg er tidfest til vikingtida (Wessén 1968: 32). Men det er ikkje teikn til monoftongering i gammalnorske tekstar frå Austlandet,³ så i Noreg er utviklinga for ung til å setjast direkte i samband med denne bylgja. Derimot ser det ut til å ha starta ei ny monoftongeringsbylgje i mellomnorsk tid, kanskje ikring 1500, som etter kvart nådde over mykje av Hedmark og Sør-Trøndelag. Denne prosessen var framleis ikkje fullført i 1650. Målet på Røros skil seg frå bygdene ikring ved å ha /au/, så diftongen må ha funnest i området då bergstaden og eit særlege bymål vart grunnlagt på den tida (Reitan 1932: 111). Endå seinare har Romsdal, Nordmøre og Innherad (i Nord-Trøndelag) hatt ei monoftongering som til dels har vore i gang langt inn på 1900-talet og neppe er eldre enn 1800 (Dalen 2008: 42–46). Mellom Innherad og monoftongeringsområdet lenger sør har eit område som inkluderer regionsenteret Trondheim, halde på diftongane. Det viser at det er snakk om ei indrespråkleg utvikling, og at ikkje all språkending sjølv i dag spreier seg frå sentrum og ut i periferien.

5 Konklusjon

Då Hægstad bruka «maaltilstandet i vaare dagar» (1915: 1) for å avgrensa dialektområda, var dette ei avgrensing som bygde på dialektskilnader som ikkje fanst i gammalnorsk. Det Hægstad gjorde, var å måta inn variasjonen i gammalnorske tekstar i dette biletet. Men dei isoglossane dei moderne dialektane gjerne er inndelte etter, oppstod i seinmellomalderen, etter dei tidfestingane som er sette fram her. Skiljet mellom aust- og vestnorsk etter jamvektsregelen viser seg frå ikring 1300, medan områda for vestnorsk *e*- og *a*-mål skil seg åt ikring 1400 då den ålmenne vokalreduksjonen skjedde i *e*-målsområdet. På den tida må den hovudinndelinga av dei norske dialektane som er vist på kartet, ha vore etablert. Dermed har me nådd fram til dei same hovudområda som Hægstad sette opp, men på eit fastare grunnlag. Det er altså grunn til å sjå på dei gammalnorske dialektane på nytt og etterprøva dei resultatane Hægstad kom fram til, og ikkje minst må ein skilja tydelegare mellom tale og skrift.

² I den norrøne normalortografien vert /øy/ skrivne <ey>, men dette er ei sekundær islandsk utvikling.

³ Seip (1955: 259–263) gjev nokre døme på diftongforenkling og nemner at dei «har mulig sammenheng» med den ålmenne diftongforenklinga i austlege dialektar, men sjølv han, som gjerne ville finna austlandske talemålsformer i gammalnorske tekstar, uttrykkjer seg forsiktig. Og mange av døma han gjev, er frå stader som aldri har gjennomført monoftongering.

Vokalreduksjonen er det råd å fylgja i dei skriftlege kjeldene, medan ein del andre endringar sjeldan får skriftleg uttrykk. Då må ein i større grad byggja på ljodhistoriske slutningar, som at segmentasjonen av *nn* berre skjer etter lang vokalisme og difor må vera eldre enn kvantitetsomlegginga.

Mange målføreformar som utvikla seg i seinmellomalderen, var svært avstikkande, både i høve til gammalnorsk og andre dialektar. Døme på dette er dei omfattande morfofonologiske vekslingane som jamninga førde til, og ikkje minst segmentasjonen, særleg i vidareutviklinga *dl > dd*. Når denne typen endringar er gjennomførde, vil ein gjerne rekna med at mangt anna som skil nynorsk frå gammalnorsk òg hadde skjedd. Det tyder på at «maksimal dialektalitet» (jf. Teleman 2007: 162) i norsk var oppnådd allereie ikring 1500. Det er i alle høve tydeleg at divergerande tendensar har vore sterke i seinmellomalderen. Men samstundes skal me hugsa at mykje som gjeld grammatisk forenkling og lånord frå lågtysk og dansk, òg kan tidfestast til denne perioden og er sams for all norsk.

Dei mest særprega dialektformene var meir utbreidde den gongen dei slo gjennom, og har seinare vorte trengde til atters – ei tidleg dialektutjamning og døme på konvergerande tendensar. Likevel fortsette oppsplittinga i enda mindre område i tidleg nytid (Sandøy 2017). Men mange av dei seinare endringane som har ført til det lappeteppet over norske dialektar ein kan få fram ved å ta omsyn til alle detaljar, inneber at eit målføre vel éin variant blant fleire. Eit døme er pronomenet i første person eintal, der det på Sunnmøre og i Romsdal var to former, trykktungt *ei* og trykklett *i*. Seinare generaliserte Sunnmøre *ei* og Romsdal *i*, slik at det oppstod ei dialektgrense utan at det eigentleg hadde skjedd nokon innovasjon – snarare var systemet forenkla båe stader.

Hovudtesen dette fører fram til, er at oppfatninga av seinmellomalderen som tida for dei store systemendringane i all hovudsak står fast, medan mindre endringar har ført til at det er mogleg å definera stadig mindre dialektområde vidare fram til ikring 1800. Slike divergerande tendensar i nyare tid gjer at ein vanskeleg kan dela språkhistoria inn i ein periode av divergens i seinmellomalderen fylgd av konvergens fram til i dag. Røynda er for komplisert for så store generaliseringar.

Litteratur

Berg, Ivar, 2014. Om normalisert norrønt. *Arkiv för nordisk filologi* 129: 21–54.

Berg, Ivar, 2017. Geografisk og sosial variasjon. Tida fram til 1600. I *Norsk språkhistorie II: Praksiser*, red. av Brit Mæhlum. Oslo: Novus.

Dalen, Arnold, 2008. Trøndermåla ca. 1950–1850. I *Trøndersk språkhistorie* (19–82), av

- Arnold Dalen, Jan Ragnar Hagland, Stian Hårstad, Håkan Rydving & Ola Stemshaug. Trondheim: Tapir akademisk.
- DN = *Diplomatarium Norvegicum* I–XXIII, 1847–2011. Christiania/Oslo. Nettversjon: http://www.dokpro.uio.no/dipl_norv/diplom_felt.html.
- Hægstad, Marius, 1906–42. *Vestnorske maalføre fyre 1350. Innleiding* (1906). I. *Nordvestlandsk* (1907). II. *Sudvestlandsk*: 1. *Rygjamaal* (1915), 2. *Indre sudvestlandsk, færøymaal, islandsk* (1916, 1917, 1942). *Tillegg* (1936). Kristiania/Oslo: Dybwad.
- Hægstad, Marius, 1909. Det norske maalet fyre 1350. I *Gamalnorsk ordbok* (1–19), av Marius Hægstad og Alf Torp. Kristiania: Samlaget.
- Indrebø, Gustav, 2001. *Norsk målsoga*. Bergen: Norsk Bokreidingslag. [1. utg. 1951.]
- Larsen, Amund B., 1908. Nogle bemerkninger om «u-omlyden ved bevaret u» i østnorske dialekter. *Norvegia* 2: 251–256.
- Larsen, Amund B., 1976 [1913]. Om vokalharmoni, vokalbalangse og vokaltiljævning i de norske bygdemaal. I *Amund B. Larsen. Skrifter* (332–364), red. av Magne Myhren. Oslo/Bergen/Tromsø: Universitetsforlaget.
- NG = *Norske Gaardnavne* I–XIX, red. av Oluf Rygh m.fl., 1897–1936. Kristiania/Oslo: Fabritius. Nettversjon: http://www.dokpro.uio.no/rygh_ng/rygh_felt.html.
- Pettersen, Egil, 1989. Vokalharmoni i gammelt indre sørvestlandsk? I *Festskrift til Finn Hødnebo 29. desember 1989* (250–260), red. av Bjørn Eithun, Eyvind Fjeld Halvorsen, Magnus Rindal & Erik Simensen. Oslo: Novus.
- Reitan, Jørgen, 1932. *Rørosmålet*. Trondheim: Bruns bokhandel.
- Rindal, Magnus, 1981. *Brev frå Opplanda før 1350*. Oslo: Novus.
- Rindal, Magnus, 1984. Marius Hægstads arbeid med gammalnorske dialektar. *Maal og Minne* 1984: 167–181.
- Røstad, Rune, 2011. Kva fortel kjeldene om innovasjonen *dl* i norsk? *Maal og Minne* 2011: 96–119.
- Sandøy, Helge, 2006. Språk og region i historisk perspektiv. I *Regional språkhistorie* (20–39), red. av Jan Ragnar Hagland. Trondheim: Tapir akademisk.
- Sandøy, Helge, 2017. Geografisk og sosial variasjon. Norsk talemål i tida frå 1600 til 1800. I *Norsk språkhistorie II: Praksiser*, red. av Brit Mæhlum. Oslo: Novus.
- Seip, Didrik Arup, 1955. *Norsk språkhistorie til omkring 1370*. Oslo: Aschehoug.
- Teleman, Ulf, 2007. Svensk talspråkhistoria: tempo och riktning. I *Nya perspektiv inom nordisk språkhistoria. Föredrag hållna vid ett symposium i Uppsala 20–22 januari 2006* (161–188), red. av Lennart Elmevik. Uppsala: Kungl. Gustav Adolfs Akademin för svensk folkkultur.
- Torp, Arne, i prent. Dansketiden. Talemålet. I *Norsk språkhistorie IV: Tidslinjer*, red. av Agnete Nesse. Oslo: Novus.
- Wessén, Elias, 1968. *Svensk språkhistoria. I. Ljudlära och ordböjningslära*. Stockholm: Almqvist & Wiksell.
- Wollin, Lars, 2000. Guldåldersdrömmen. Ett filologiskt komplex. I *Den fornnordiska texten i filologisk och litteraturvetenskaplig belysning* (36–50), red. av Kristinn Jóhannesson, Karl G. Johansson & Lars Lönnroth. Göteborgs Universitet: Litteraturvetenskapliga Institutionen.